





## Strategi Handballgruppa

Resultat av strategidebatt  
2006/2007

Info til klubbstyremøte 22.1.2007

## Problema som utløyste debatt

1. Vi har ambisiøse, gode lag som held på å vekse ut av aldersbestemte klassar og inn i seriesystemet senior. Korleis forholde seg til det?



2. Driftsmodellen vår er god opp til 15 års alder, men representerer eit problem for satsingslaga og oppover i seriesystem som har høgere kostnader (sjå kurvene).

# Strategiprosessen

1. Initiativ frå J88-laget våren 2006
2. Fellesmøte Handballstyret og sportsleg utval i mai 06.
3. Stort fellesmøte styre, sportsleg utval og representantar for alle lag i oktober 06.
4. Utvikling av underlag for vidare debatt; økonomimodell, 21 ulike utviklingstrekk basert på innspel frå handballmiljøet.
5. Styrebehandling av moglege utviklingstrekk, val av retning i desember 06.
6. Utgreiing av konsekvensar for alle ansvarsområda i handballstyret. Konsekvensar for sportsleg og økonomi konstatert og drøfta spesielt.
7. Ny styrebehandling og endeleg vedtak om ønska utvikling i januar 2007.
8. Presentasjon i klubbstyret januar 2007.
9. Behov for å legge framfor Årsmøte i mars 2007?

# Utleira IL Handball i framtida

## Klubbprofil:

- **Breddeklubb** for dei yngre årsklassene; Stor bredde i tilbodet til aldersbestemte klassar. Fokus på lokal forankring og barneidrett. Avhengig av eldskjeler. Handballen er ein del av totaltilbodet i klubben, men ikkje annleis i ambisjonsnivå eller profil. Dugnadsbasert drift med mindre innslag av sponning. Kontinuitet i bemanning og engasjement.
- **Bydelsklubb for 16+:** Ikkje ein eliteklubb, men ein klubb med god orden og økonomi. Solid forankra i bydelen. Sportsleg ambisjonsnivå som kan ta oss opp til nesten toppen (nr.2 klubb i byen). Økonomi basert på ein blanding av dugnad og sponning.

## Sportsleg ambisjonsnivå:

- I aldersbestemte klassar skal vi vere gode til å ta vare på alle, utan å fokusere på resultat. Det viktige er at vi har det moro saman. Og det er moro å vinne jamne kampar.
- Vi skal utfordre tomrommet mellom Byåsen og dei andre laga i Trondheim. Det er vanskeleg å få plass til to toppklubbar i byen, men vi vil bli den beste av dei som følgjer bak Byåsen. I første omgang skal vi stabilisere oss i 2. divisjon, men 1. divisjon er eit naturleg neste steg. Vi bør jamt ha spelarar på landslag i aldersbestemte klassar.

## Sportsleg løysing

Ivareta bredde:

- Oppretthalde eit godt tilbod til dei som vil spele for moro på alle trinn
- Fortsatt godt arbeid som i dag for alderstrinn opp til og med 15 år, utan stort fokus på resultat

Ivareta satsing:

- Utvikle ein eigen plan for handballfagleg utvikling trinn for trinn slik at spelarane har gode basisføresetnader når dei når alderen for satsing
- Styrke trenarkorpset ytterlegare (utdanning, koordinering)
- Vurdere å inngå ei strategisk samarbeidsavtale med klubb på høgare nivå for å sikre tilbod for dei beste

## Organisatorisk løysing

- Oppretting av ei eiga satsingsgruppe under handballstyret som skal sikre ei tilstrekkeleg god økonomisk plattform for satsing og senior (16+)
  - Sikre økonomisk grunnlag for rettferdig fordeling bredde/satsing
  - 200'- 250' i friske midlar ved auka dugnads- og sponsorinntekt
  - Unngå djup splitt mellom bredde og satsing